



PERMISJONSREGLEMENT FOR VÅGSØY KOMMUNE

Vedtatt av ADMU 15.september 2005
Sak 003/05

Permisjonsreglement for Vågsøy kommune	3
KAP.1 GENERELT	3
1.1. Rettsgrunnlag	3
1.2. Kven reglementet gjeld for.....	3
1.3. Lønsansiennitet	3
1.4. Feriepengar.....	3
1.5. Pensjonsmedlemskap.	3
1.6. Definisjonar.....	3
1.7 avgjerdsmynde.	4
1.8 Søknad.....	4
KAP 2. VELFERDSPERMISJON	4
2.1 Ved alvorleg sjukdom i næraste familie (sjå definisjon).....	4
2.2. Ved dødsfall/gravferd i næraste familie (sjå definisjon).....	4
2.3. For tilvenning av barn i barnehage.....	4
2.4. Ved skulestart m.m.....	4
2.5. For eige bryllaup/inngåing av partnerskap.....	4
2.6. Andre religiøse og nasjonale høgtidsdagar.....	5
2.7. For deltaking i idrettsarrangement.	5
2.8. Andre velferdspermisjonar.....	5
2.9. Permisjon utan løn.....	6
KAP 3 PERMISJON FOR UTFØRING AV TILLITSVERV / OMBOD	6
3.1. Offentleg tillitsverv / ombod.....	6
3.2. Politisk arbeid / nominasjonsmøte	6
3.3. Tillitsvalde på arbeidsplassen.....	6
3.4. Organisasjonsmessige oppdrag	6
3.5. Fastløna tillitsvald-funksjonar.....	6
3.6 Undervisningspersonale	6
3.7 Andre tillitsverv	6
KAP 4 YMSE PERMISJONSFØRESEGNER	6
4.1. Overgang til ny stilling utanfor kommunen	6
4.2. Spesielle oppdrag / engasjement	7
4.3. Permisjon for å delta i internasjonalt arbeid.....	7
4.4. Deltaking i hjelpekorps	7
KAP 5 PERMISJONAR HEIMLA MELLOM ANNA I ARBEIDSMILJØLOV, TARIFFAVTALE OG HOVUDAVTALEN	7
5.1. Permisjon ved sjukdom	7
5.2. Permisjon ved fødsel.....	7
5.3. Omsorgspermisjon for faren.....	7
5.4. Fedrekvote.....	7
5.5. Permisjon ved barns og barnepassers sjukdom	8
5.6. Permisjon ved amming.....	8
5.7. Permisjon ved adopsjon.	8
5.8. Delvis permisjon/reduisert arbeidstid.....	8
5.9. Permisjonsreglar for tillitsvalde.	8
Sjå pkt. 3.3 og 3.4 under kapittel om: PERMISJON FOR UTFØRING AV TILLITSVERV / OMBOD.....	8
5.10. Militærtjeneste.....	9
5.11. Pleie av pårørande	9
5.12 Utdanningspermisjonar.	9

Permisjonsreglement for Vågsøy kommune

KAP.1 GENERELT

1.1. Rettsgrunnlag

Avgjerder etter dette reglementet er interne, administrative avgjerder og er unnateke sakshandsamingsreglane i Forvaltningslova.

1.2. Kven reglementet gjeld for

Reglementet gjeld alle kommunale arbeidstakarar i eit fast forpliktande arbeidsforhold, jf. HTA kap. 1 § 1.

Deltidstilsette blir innvilga permisjon i høve til storleiken på stillinga.

Døme: Ein tilsett i 50% stilling vil kunne få innvilga velferdspermisjon i inntil 5 heile arbeidsdagar i løpet av eit kalenderår. Dette gjeld når ikkje lovverk eller avtaleverk seier noko anna.

1.3. Lønsansiennitet

Permisjon med heil eller delvis løn avbryt ikkje opptening av lønsansiennitet. Det same gjeld ved sjuke- og svangerskapspermisjonar inntil 2 år og pliktig verneplikttjeneste.

Uløna permisjon for å utføre offentleg ombod og ombod i arbeidstakarorganisasjonar vert rekna med i lønsansienniteten.

Permisjon utan løn for vidareutdanning vert rekna med i lønsansienniteten i tråd med bestemmelsane i HTA § 12.

1.4. Feriepengar.

For sjuke- og svangerskapspermisjon og for pliktig militærtjeneste vert vist til ferielova § 10, jf. føresegnene i folketrygdlova og HTA og andre vedtak gjort i eiga kommune.

Løn under sjukdom utover 3 mnd. vert ikkje rekna med i feriepengegrunnlaget. Jf. HTA Kap.8.2.2.2 og vedtak i Vågsøy kommunestyre 25.juni 2003

1.5. Pensjonsmedlemskap.

Arbeidstakar som er innvilga permisjon med løn vert ståande i pensjonsordninga.

Arbeidstakar som får permisjon utan løn for lengre tidsrom enn 1 måned, vert meldt ut av pensjonsordninga. Arbeidstakaren vil samstundes få tilbod om frivillig medlemskap i pensjonsordninga etter dei reglane som gjeld.

1.6. Definisjonar.

Næraste familie: Ektefelle, sambuar, partner, barn, barnebarn, foreldre, besteforeldre, søsken.

Andre som står arbeidstakaren nær: Svigerinne, svoger, svigerforeldre, svigerbarn, nære kollegaer

Pliktteneste: Den tid ein arbeidstakar forpliktar seg til å gjere teneste i kommunen etter endt utdanning.

Offentleg verv: Ombod som er oppretta ved lov eller med heimel i lov, herunder domsmenn, skjønnsmenn og rettsvitne. Dette er ombod som arbeidstakar ikkje kan nekte å ta imot utan å ha særleg fritaksgrunnar. (HTA § 14)

Tillitsvald: Arbeidstakarar som er valt/utpeika av medlemene i vedkomande sin fag/yrkesorganisasjon til å ivareta dei oppgåvene som går fram av **Hovudavtalen**. Det er ført tingingar med organisasjonane om kva tillitsvalde som har rettar etter Hovudavtalen.

1.7 avgjerdsmynde.

Kvar tenesteleiar med personalansvar har delegert mynde til å avgjere søknader om permisjon. Dette kan t.d. vere velferdspermisjonar og permisjonar som er regulert etter lov- og avtaleverk.

Permisjonar av lengre art t.d. utdanningspermisjonar og permisjonar for å prøve anna arbeid skal handsamast av rådmann eller den han gjev mynde gjennom delegert vedtak etter tilråding frå tenesteleiar

Spørsmål om heil eller delvis løn under utdanning skal handsamast i tråd med eige reglement.

1.8 Søknad

Ein søknad om permisjon skal sendast skriftleg til næraste overordna **i god tid** før permisjonen er aktuell. Søkjar skal ha skriftleg tilsvar på søknaden. Standard søknadsskjema skal nyttast der desse finst.

Kopi av innvilga søknad skal gå til aktuell teneste for registrering og arkivering.

KAP 2. VELFERDSPERMISJON

Velferdspermisjon med løn etter punkta 1 til 9 nedanfor kan maksimalt innvilgast for 10 arbeidsdagar i løpet av eit kalenderår. For deltidstillingar vert permisjonen berekna etter stillingsprosenten. (90% stilling – maksimalt 9 dagar, 80 % stilling maksimalt 8 dagar osv.) Fri utover 10 dagar kan verte innvilga som permisjon utan løn etter ei konkret vurdering i kvart enkelt høve.

Følgjande ramme kan nyttast når permisjon med løn vert innvilga:

2.1 Ved alvorleg sjukdom i næraste familie (sjå definisjon).

Inntil 5 dagar pr. år. Permisjon for pleie av nære pårørande jf.. Aml. § 33B og Folketrygdlova § 9-12 kjem i tillegg

2.2. Ved dødsfall/gravferd i næraste familie og andre som har sått arbeidstakaren nær (sjå definisjon).

Ved dødsfall i næraste familie og andre som har stått arbeidstakaren nær: Inntil 3 dagar pr. år. eventuelt med tillegg av nødvendige reisedagar inntil 3 reisedagar.

2.3. For tilvenning av barn i barnehage.

For tilvenning av barn i **ny** barnehage kan arbeidstakar få permisjon inntil 3 dagar pr. år. Føresetnaden er at ingen andre familiemedlemer har høve til å vere til stades.

2.4. Ved skulestart m.m.

Det kan gjevast 1 dag permisjon for følgje av barn første skuledagen. Føresetnaden er at ingen andre familiemedlemer har høve til å vere til stades.

2.5. For eige bryllaup/inngåing av partnerskap

Ved inngåing av ekteskap/partnerskap vert innvilga 1 dag med løn. Permisjonsdagen skal takast anten bryllaupsdagen eller dagen etter, dersom denne er arbeidsdag.

Punkt om husbygging/istandsetting av eige hus/leilighet er tatt ut og ligg ikkje lenger innafor ramma av velferdspermisjonar.

2.6. Andre religiøse og nasjonale høgtidsdagar

For feiring av religiøse og nasjonale høgtidsdagar som ikkje er offisielle etter norsk kalender, kan det gjevast permisjon inntil 2 dagar.

2.7. For deltaking i idrettsarrangement.

Som hovudregel skal permisjon for deltaking i idrettsarrangement gå til frådrag av ferie eller gjevast utan løn.

Ved deltaking i internasjonale stemne, verdsmeisterskap o.l. kan det bli gitt permisjon med løn i inntil 5 dagar.

For deltaking i finale i noregsmeisterskap kan det bli gitt permisjon med løn i inntil 2 dagar. Ordninga gjeld også for leiarar.

Kommentar:

Deltakelse i idrettsarrangementer skal som hovedregel trekkast frå ferien eller tilståast utan løn. I tilfeller der ein arbeidstakar er uttatt til å repr. Landet i O L, VM, EM eller landskampar, tilstås permisjon med lønn i inntil 5 dagar. For deltaking i finalen i NM tilstås permisjon med lønn i inntil 2 dagar. Det vert forutsett av vedkommande deltek frå ei idrettsgrein som er tilknytta Norges idrettsforbund.

2.8. Andre velferdspermisjonar.

Undersøking og behandling hos lege, tannlege, spesialist og andre private gjeremål må så vidt mogleg leggest til fritida. Dersom ein likevel må til slik undersøking i arbeidstida skal arbeidstakar nytte fleksitid, avspasering eller arbeide inn tida ut over 1 time , dersom fråværet er venta å vare utover 1 klokke time.

For konsultasjon av lege utanom kommunen sine fastlegar vert slik permisjon godtgjort med 1 time lønn. Resten av tida arbeidstakar er borte vert anten avspasering, fleksitid eller permisjon utan løn.

Den tilsette som må på vidare behandling hjå t.d. fysioterapeut skal søkje om slik permisjon skriftleg med kopi av innkalling/henvisning til behandling frå lege. Fråvær grunna behandling som ikkje er søkt om på førehand vert ikkje innvilga med løn i ettertid.

Behandling på eige initiativ som ikkje er henvist frå lege vert innvilga som ulønna permisjon. Dette gjeld og innkalling til frivillige undersøkingar i regi av det offentlege dersom ikkje anna vert bestemt frå rådmann.

For pasientfølge av barn under 16 år og for næraste familie (sjå definisjon) dekkjer kommunen differansen mellom løn og utbetaling av trygdekontoret for det tal timar som er nødvendig å vere vekke frå arbeid. Følgje av pasient skal dokumenterast med innkalling.

Presisering: Dersom arbeidstakar ut frå timeavtale/innkalling og reisetid kan gå på jobb før og etter undersøking/behandling er det sjølvsagt at vedkommande møter på jobb. Fri med løn vil bare bli gitt for det tal timar som er nødvendig ut får overstående.

Døme:

1. Ein som skal til undersøking på Nordfjord sjukehus vil ut frå timeavtale normal kunne gå på jobb anten før eller etter, eventuelt både før og etter undersøking.
2. Ein som skal til Førde og må reise med sjukehusbussen om morgonen vil ikkje få fri nattevakta før reisedagen.

2.9. Permisjon utan løn

Permisjon utan løn kan elles innvilgast for andre vektige velferdsføremål inntil 10 dagar dersom ein finn det rimeleg og permisjon kan gjennomførast utan særskilde ulemper for drifta.

KAP 3 PERMISJON FOR UTFØRING AV TILLITSVERV / OMBOD

3.1. Offentleg tillitsverv / ombod

Det vert vist til Hovudtariffavtalen, Arbeidsmiljølova og Kommunelova. Arbeidstakarar kan verte innvilga permisjon med løn inntil 10 dagar pr. år (12 dagar pr. år for dei som arbeider 6 d. veke) for å utføre offentlege tillitsverv/ombod. Føresetnaden er at tillitsvervet ikkje kan utførast utanom arbeidstida. Permisjon utover dette vert gjeve utan løn.

Med offentlege tillitsverv meinast ombod som er oppretta ved lov eller med heimel i lov, og som ein ikkje kan nekte å ta imot med mindre det ligg føre særlege fritaksgrunnar (t.d. kommunestyremedlem, vitne, domsmann, lagrettemann, skjønnsmann mfl.) (HTA § 14) (sjå definisjon)

Arbeidstakar som vert valt til stortingsrepresentant, ordførar eller anna offentlig tillitsverv/ombod på heiltid, får permisjon utan løn for valperioden.

For offentlege tillitsverv/ombod på deltid vert innvilga permisjon med forholdsmessig redusert løn.

3.2. Politisk arbeid / nominasjonsmøte

Arbeidstakarar som blir valt til utsending til nominasjonsmøte ved stortingsval, fylkesval eller kommuneval får innvilga permisjon med løn.

3.3. Tillitsvalde på arbeidsplassen

Når det er påkravd, skal tillitsvalde på arbeidsplassen, jf.. HA § 3-5, ha nødvendig fri med lønn etter avtale om medråderetten for å utføre sine oppgaver som tillitsvalde.

3.4. Organisasjonsmessige oppdrag

Tilsette med tillitsverv i arbeidstakarorganisasjonane får permisjon med lønn etter følgjande retningslinjer. Vald representant for organisasjonen ved lokale, fylkesvise og sentrale tingingar, får nødvendig permisjon med løn. Vald representant som deltek i fylkestyre, landstyre og landsmøte i organisasjonen, får permisjon med lønn i inntil 12 dagar pr. år. jf.. Ha 3-7.

3.5. Fastløna tillitsvald-funksjonar

Arbeidstakar som vert valt/tilsett i fastlønte tillitsverv i organisasjonen sine sentrale eller distrikts-/fylkesorgan, eller vert tilsett som funksjonær i organisasjonen, vert innvilga permisjon utan løn Ha 3-7 siste ledd.

3.6 Undervisningspersonale

Sjå overgangsreglane i HTA for undervisningspersonale.

3.7 Andre tillitsverv

Det kan etter ei konkret vurdering i kvart enkelt høve innvilgast permisjon med eller utan løn for deltaking i styreverv eller for andre tillitsverv. Det skal leggast avgjerande vekt på om arbeidsoppgåver tilknytta vervet fell naturleg inn i den tilsette sitt arbeids- og ansvarsområde i kommunen.

KAP 4 YMSE PERMISJONSFØRESEGNER

4.1. Overgang til ny stilling utanfor kommunen/Overgang til ny stilling internt i kommunen

Som hovudregel vert det ikkje gitt permisjon ved overgang til ny stilling i eller utafor kommunen. Permisjon kan vurderast dersom det dreier seg om eit vikariat/engasjement som gir arbeidstakar ei fagleg utvikling som er til nytte for kommunen. Kvar tilfelle skal vurderast konkret, og i særskilde høve kan det innvilgast permisjon ved overgang til anna stilling. Ein viser og til arbeidsgjevar sin styringsrett ved t.d. omplassering og overtallig personale. Bestemmelsane i Aml. og HA om drøfting og medbestemmelse må følgjast.

Gjeld for Vågsøy til eige reglement er vedtatt.

4.2. Spesielle oppdrag / engasjement

Dommarfullmektig.

Det kan innvilgast permisjon i inntil 2 år for arbeidstakarar som gjer teneste som dommarfullmektig.

Forsking.

Etter nærare reglar kan tilsette bli innvilga avgrensa permisjon for å arbeide med forskning innanfor sitt fagområde. Det er ein føresetnad at forskinga skjer i tilknytning til ein forskingsinstitusjon.

Utveksling av arbeidstakarar

Det kan gjevast nødvendig permisjon i samband med avtalar om utveksling av arbeidstakarar mellom kommunar, fylkeskommunar og staten.

4.3. Permisjon for å delta i internasjonalt arbeid.

Kommunen kan innvilge permisjon utan løn i inntil 2 år for arbeidstakarar som skal arbeide i norske hjelpetiltak i offentleg regi i utviklingsland.

4.4. Deltaking i hjelpekorps

Arbeidstakarar som er knytta til hjelpekorps, får innvilga permisjon med løn i samband med uttrykking.

KAP 5 PERMISJONAR HEIMLA MELLOM ANNA I ARBEIDSMILJØLOV, TARIFFAVTALE OG HOVUDAVTALEN

Det vert vist til dei til ei kvar tid gjeldande reglane i: - Arbeidsmiljølova,- Lov om folketrygd, - Hovudtariffavtalen, - Hovudavtalen.

5.1. Permisjon ved sjukdom

Det vert vist til Arbeidsmiljølova, Lov om folketrygd med forskrifter og Hovudtariffavtalen. Sjå eige reglement for rett til permisjon utover 1 år med sjukepengerettar.

(Selje har vedtatt eige reglement/vedtak. Vågsøy arbeider med slikt reglement)

5.2. Permisjon ved fødsel

Det vert vist til arbeidsmiljølova, lov om folketrygd, Hovudtariffavtalen og Kommunenes personalhåndbok kap 6.5.

5.3. Omsorgspermisjon for faren.

Far har rett på to vekers (kalenderveker) med lønn som omsorgspermisjon i samband med fødselen for å yte omsorg for mor og barn.

5.4. Fedrekvote

Far har rett til full løn på dei vilkår og i det omfang som går fram av folketrygdlova i dei 5 vekene som er forbeholdt faren.

5.5. Permisjon ved barns og barnepassers sjukdom

Permisjon ved barns (under 12 år) og barnepassers sjukdom kan maksimalt innvilgast for 10 arbeidsdagar i løpet av eit kalenderår. Når den tilsette har ansvar for meir enn to barn kan det maksimalt innvilgast permisjon i 15 dagar. Dersom arbeidstakaren er åleine om omsorga er permisjonsretten maksimalt 20 dagar, 30 dagar for meir enn to barn.

Har arbeidstakaren omsorg for funksjonshemma/kronisk sjukt funksjonshemma barn er permisjonsretten maksimalt 20 dagar. Dersom arbeidstakaren er åleine om omsorga for funksjonshemma/kronisk sjukt funksjonshemma er permisjonsretten maksimalt 40 dagar inntil barnet er 18 år.

5.6. Permisjon ved amming.

Arbeidstaker gis fri med lønn i inntil 2 timer pr. arbeidsdag for å amme sitt barn. (HTA § 8.3.7)

5.7. Permisjon ved adopsjon.

Ved adopsjon av barn under 15 år gis adoptivforeldre, med pensjonsgivande inntekt i 6 av dei 10 siste månadane, rett til permisjon med løn for same tidsrom som arbeidstakaren får adopsjonspengar etter folketrygdlova kap 14 (Jf. HTA 8.4)

Adopsjon av stebarn gir ikkje rett til permisjon. Jf. Aml. § 32

5.8. Delvis permisjon/reduisert arbeidstid.

Det er høve til å søkje om permisjon utan løn grunna omsorgsarbeid frå ein del av stillinga si..

Arbeidstakarar som av helsemessige, sosiale eller andre vektige velferdsgrunnar har behov for å få redusert arbeidstida si, har høve til dette etter Arbeidsmiljølova § 46A. Permisjon kan gjevast for 2 år om gongen.

5.9. Permisjonsreglar for tillitsvalde.

- A) fri frå ordinært arbeid: I medhald av hovudavtalen får tillitsvalde, når dette er naudsynt, fri frå ordinært arbeid for å utføre oppgåvene sine som tillitsvald. I medhald av Arbeidsmiljølova får verneombod, når dette er naudsynt, fri frå ordinært arbeid for å utføre oppgåvene sine som verneombod. Det er ein føresetnad at dette blir ordna slik at det valdar minst mogleg ulempe for verksemda. Om mogleg skal fråværet meldast til næraste overordna på førehand.
- B) Oranisasjonsmessige oppdrag: I medhald av hovudavtalen får tillitsvalde permisjon med lønn for deltaking i: lokale og sentrale forhandlingar
 - Vedtektsfesta sentrale- og distriktsfesta /fylkesorgan (inntil 12 arbeidsdagar pr. år). Dette gjeld møter i slike organ og ikkje kurs/opplæring.

Sjå pkt. 3.3 og 3.4 under kapittel om: PERMISJON FOR UTFØRING AV TILLITSVERV / OMBOD

jf.. Overgangsreglar for undervisningspersonale.

Presisering:

HA § 3-7 slår fast at det skal vere permisjon med løn for deltaking i lokale og sentrale forhandlingar. Dersom slike forhandlingar fell på arbeidstakaren sin fridag vert det ikkje gjeve kompensasjon for fridag. Dersom forhandlingane går ut over ordinær arbeidstid kan kompensasjon gis i form av avspasering.

HA § 7-2 gjeld tillitsvaldopplæring, dvs. opplæring som har betydning for vedkommande tillitsvalde sin funksjon. (Sjå definisjon av tillitsvald HA § 2-2).

HA § 7-2 seier vidare at det vert gjeve permisjon med heil eller delvis løn. Hovudtillitsvald skal ha permisjon med løn.

Praksis i Vågsøy kommune:

Tillitsvalde etter Hovudavtalen, valde i tråd med godkjend tillitsvaldordning, som deltek i opplæring som har betydning for deira funksjon som tillitsvalde får permisjon **med løn**. Dette vil i praksis vere arbeidsplassstillitsvalde og tillitsvalde som deltek i forhandlingar(forhandlingsutval) for deltaking i kurs for plasstillitsvalde og kurs for forhandlingsutval vert det då gjeve permisjon med løn.

Dersom opplæringa fell på arbeidstakaren sin fridag vert det ikkje gjeve kompensasjon for fridag, med unnatak av F1 dag.(Jf. HA 7-1/7-2).Opplæring ut over ordinær arbeidstid vert det ikkje gjeve kompensasjon i form av betaling for overtid, meirarbeid eller avspasering.

For andre tillitsvalde – som er valde etter sin organisasjon sine vedtekter - som skal delta i opplæring vert det gjeve permisjon **utan løn**.

Døme: kasserer i lokallag skal på opplæring for kasserarar eller studietillitsvald skal på opplæring.

5.10. Militærtjeneste

Det vert vist til reglane i Hovudtariffavtalen § 9.

5.11. Pleie av pårørende

Arbeidstakarar som pleier ein nær pårørende i terminalfasen heime, har rett til inntil 20 dagar med pleiepengar direkte frå trygdekontoret. Permisjonsretten er regulert i AML §33b. Slik søknad om permisjon vert å innvilge som ulønna permisjon frå arbeidsgjevar.

5.12 Utdanningspermisjonar.

For utdanningspermisjonar vert vist til Aml. kap. VIII A og HA § 7-1. Kommunane kan utarbeide egne reglement for slike permisjonar.

Eksamen, fagprøver, prosjekt

I samband med avlegging av eksamen vert det gjeve permisjon eksamensdagen(dagane), dagane for avlegging av fagprøve, samt to lesedagar før kvar eksamen. Det er ein føresetnad at vedkommande ville hatt ordinært arbeid dei to dagane og at faget har betydning for kommunen. jf.. HA § 7-4.

Ved heimeeksamen som går over fleire dagar vert det gjeve permisjon med løn i inntil 3 dagar.